

PLANOPPSTARTMØTE, DETALJREGULERINGSPLAN FOR SIGDESTADNESET

1 Oppmøte

Førehandskonferansen er basert på planinitiativ motteke av kommunen:			
Møtestad:	Nettmøte på TEAMS	Møtedato:	09.04.2024
Deltakrar frå forslagstillar:		Deltakrar frå kommunen:	
Tiltakshavar:	SFE ved Arild Bruland	Magnhild Myklebust, leiar for plan og forvaltning Inger Hilde, arealplanleggjar	
Grunneigar:	SFE ved Arild Bruland		
Plankonsulent:	Nordplan ved Marte Turtum og Siri Gausemel		
Anna:	Kommunen har før møtet motteke planinitiativ, med forslag til planområdeavgrensing. Arild Bruland hadde ikkje høve til å delta på siste del av møtet, dvs delen om vurdering av plantema		

2 Saksnummer og plan-ID

Arkivsaknr.:	24/1029
Plan-ID:	4648-202402

3 Føremål med planarbeidet

Forslagsstillar sitt føremål med planen/planendringa (bakgrunn og formål):	
Målet er å leggje til rette for utvikling av området med Sigdestadneset, for friluftsliv, bustad og fritidsbusetnad, bubilcamping, småbåthamn, og bygg for næring/utleigehusvere. Sistnemnde skal nyttast til anleggskontor, i anleggstida for nye Øksnelvane kraftverk.	
Innspel frå kommunen:	Samde i føremål for planarbeidet. Initiativet baserer seg m.a. på innspel frå Ålfoten grendalag
Forslagsstillar sitt forslag til planavgrensing: <input type="checkbox"/> Ikkje relevant	
Skisse i planinitiativet.	
Innspel frå kommunen:	Behov for utviding av plangrensa vart skissert i møtet, og planområdeavgrensinga er revidert i forslag den 09.04.2024, og sist
Forslagsstillar sitt forslag til plannamn: <input type="checkbox"/> Ikkje relevant	
Reguleringsplan Sigdestadneset 114/3	

Innspel frå kommunen:	«Reguleringsplan Sigdestadneset» (sidan planen omfattar fleire eigedommar og fleire formål).
-----------------------	--

4 Planstatus i området

Arealbruk i planområdet er regulert av:
<input checked="" type="checkbox"/> Kommuneplanen sin arealdel <input type="checkbox"/> Områderegulering (pbl § 12-2) <input checked="" type="checkbox"/> Detaljregulering (pbl § 12-3) <input type="checkbox"/> Reguleringsplan etter eldre plan- og bygningslov (pbl85 eller eldre) <input type="checkbox"/> Utbyggingsplan etter eldre plan- og bygningslov (pbl85 eller eldre)

Tilhøvet til andre planar:
<input checked="" type="checkbox"/> Planen vil delvis erstatte/supplere følgjande planar: <input type="checkbox"/>Ikkje relevant
Kommuneplan, arealdelen frå 2004, og reguleringsplan for Sigdestadneset, frå 2002.
<input type="checkbox"/> Planen vil heilt/delvis grense til følgjande planar: <input checked="" type="checkbox"/>Ikkje relevant
<input type="checkbox"/> Kommunen kjenner ikkje til anna planarbeid i området <input checked="" type="checkbox"/> Kommunen kjenner til følgjande planarbeid i området:
Arbeid med ny kommuneplan, arealdelen, pågår. Forventa vedtak innan få månader.

5 Type plan som er tenkt utarbeidd

Reguleringsplan etter plan- og bygningslova:
<input type="checkbox"/> Områderegulering <input checked="" type="checkbox"/> Detaljregulering
Endring av:
<input type="checkbox"/> Områderegulering <input type="checkbox"/> Detaljregulering

Reguleringsplan etter eldre plan- og bygningslov

Utbyggingsplan etter eldre plan- og bygningslov

Mindre endring av:	Plankartet	Føresegnene
<input type="checkbox"/> Mindre endring av områderegulering	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/> Mindre endring av detaljregulering	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/> Mindre endring av reguleringsplan etter eldre plan- og bygningslov	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/> Mindre endring av utbyggingsplan etter eldre plan- og bygningslov	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Ved endring av reguleringsplan gjeld same reglar som for utarbeiding av ny plan, jf. pbl. § 12-14. Ved endring av eldre planar må planen oppdaterast i tråd med ny planlov.

NB! Ved mindre endring vil berre delar av punkt 6 til 12 vere relevant. Ei mindre endring av reguleringsplan inneber ein enklare planprosess og ei lita justering av plankart og/eller føresegner.

6 Tilhøvet til overordna plan

Samsvar med overordna plan:

Planformålet samsvarar med overordna plan * Ja Nei Ikkje relevant

Innspeil frå kommunen:

*I hovudsak i samsvar med overordna plan (framlegg). Planområdet går litt utanom det som er bandlagt for regulering, men føremåla i desse områda vil truleg ikkje bli vesentleg endra.

Innhaldet i private detaljreguleringsplanforslag må følgje opp hovudtrekk og rammer i kommuneplanens arealdel og områderegulering. Ved vesentlege avvik gjeld krava i pbl. §§ 4-1 og 4-2 andre ledd. (jf. pbl. § 12-3)

7 Krav om planprogram og konsekvensutgreiing

Avklaring av behov for planprogram og/eller konsekvensutgreiing:

- Det må utførast ei nærare vurdering av om planen vil få vesentlege verknadar for miljø og samfunn og dermed utløyser krav om konsekvensutgreiing, jf. pbl. § 4-2. Denne vurderinga skal utførast i tråd med konsekvensutgreiingsforskrifta § 3.
- Det må utførast ei nærare vurdering av om planen vil få vesentlege verknadar for miljø og samfunn og dermed utløyser krav om planprogram, jf. pbl. § 4-1. Denne vurderinga skal utførast i tråd med konsekvensutgreiingsforskrifta vedlegg 3.
- Planen utløyser krav om planprogram, jf. pbl. § 4-1.
- Planen utløyser krav om konsekvensutgreiing, jf. pbl § 4-2 og KU-forskrifta § 2.
- Ikkje relevant, jf. punkt 6.

Plikt til konsekvensutgreiing er vurdert i planinitiativet. Ut frå kjend informasjon og tilgjengeleg kunnskap i offentlege databasar har forslagsstillar vurdert at tiltaket ikkje vil få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn og dermed ikkje løyser ut kravet om konsekvensutgreiing:

Tiltaket er ikkje omfatta av §§ 6 og 7. Jf. § 8 bokstav a) skal reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn. I vedlegg II pkt. 12 (turisme og fritid) bokstav b) er lystbåthamn lista. For å avgjere om tiltaket kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn er det vurdert etter kriteria i § 10 i forskrift om konsekvensutgreiingar i tabell under.

Eigenskapar ved planen eller tiltaket §10, andre ledd:

a) Storleik, planområde og utforming	
Areal avsett til småbåthamn er avgrensa, og tiltaket med småbåthamn er vurdert til å vere eit lite tiltak.	
b) Bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar	
Tiltaket i sjø vil beslagleggje areal i sjøen tilsvarande installasjonen. Tiltaket vil utover dette føre med seg minimale konsekvensar.	
c) Avfallsproduksjon og utslepp	
Tiltaket medfører stasjonering av småbåtar i området. Dette kan føre til mindre utilsikta utslepp av olje og drivstoff. Det er likevel vurdert at dette vil utgjere minimal risiko dersom det skulle førekoma.	
d) Risiko for alvorlege ulukke og/eller katastrofar	
Tiltaket fører ikkje med seg særleg potensiale for alvorlege ulukker og/ eller katastrofar.	

Lokalisering og påverknad på omgjevnadane §10, tredje ledd (aktuelle punkt er utheva):

a)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ verneområde etter naturmangfaldlova kapittel V eller markaloven § 11 ▪ utvalde naturtypar (naturmangfaldlova kapittel VI) ▪ prioriterte artar ▪ verna vassdrag ▪ nasjonale laksefjordar og laksevassdrag ▪ objekt, område og kulturmiljø freda etter kulturminnelova
----	---

b)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ truga artar eller naturtypar ▪ verdifulle landskap ▪ verdifulle kulturminne og kulturmiljø ▪ nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar ▪ område med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift ▪ områder som er særleg viktig for friluftsliv
c)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ statlege planretningslinjer: <ul style="list-style-type: none"> ○ statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2021). ○ Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018). ○ Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (2014). ○ Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (1995). ▪ statlege planføresegner eller regionale planføresegner
d)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ større omdisponering av område avsett til landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemd
e)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Auka belastning i område der fastsette miljøkvalitetsstandardar blir overskride
f)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Konsekvensar for folks helse, for eksempel som følgje av vass- eller luftforureining
g)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Vesentleg forureining eller klimagassutslepp
h)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Risiko for alvorleg ulykke som følgje av naturfarar som ras, skred eller flaum

Krav til planprosess og innhald i reguleringsplanen vil bli påverka dersom det er krav om nærare vurdering av om planen kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, krav om planprogram eller krav om konsekvensutgreiing.

Vurdering etter konsekvensutgreiingsforskrifta § 3:

Forslagsstillar har ansvaret for å utføre ei vurdering av om planen kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn. Kommunen har ansvar for å ta stilling til om planen kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, dette vert som regel avklart i etterkant av førehandskonferansen. Enten planen får vesentlege verknadar eller ikkje, skal dette grunngjevast og gå fram av varsel om oppstart av planarbeidet. Forslagsstillar kan ikkje varsle oppstart før kommunen har teke stilling til dette spørsmålet. (Jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 4)

8 Viktige tema for denne planen

Temaliste er sett opp i **del III**.

I utgangspunktet skal alle tema vere med i planomtalen. Dette er for å synleggjere kva tema som vert **sjekka ut** som ikkje relevante, og kva tema som er relevante og må følgjast opp vidare i plankart og føresegner. Tema som er relevante i samband med vurdering av risiko- og sårbarheit skal inngå i risiko- og sårbarheitsanalyse etter pbl § 4-3.

Det kan dukke opp andre problemstillingar. Ta kontakt for nærare avklaring når slike problemstillingar dukkar opp – t.d. gjennom innspel frå andre i planprosessen.

Forslagsstillar er gjort kjend med kva krav til kunnskapsgrunnlag og utgreiingar kommunen set for det vidare planarbeidet. Spesielle krav til kunnskapsgrunnlag og utgreiingar:

Ein bed ikkje om nye fagtemautgreiingar, men føreset at det blir gjort ei vurdering av eventuell gammalskog i området.

Forslagsstillar har fått følgjande råd til planarbeidet:

Vurdering av infrastruktur

I etterkant av møtet sender kommunen utfyllande informasjon til forslagsstillar om viktige tema for denne planen. T.d. link til fagsider om ulike tema.

9 Andre tilhøve

Tilhøvet mellom plan og offentlege anlegg:

Tiltaket føreset utbygging / utbetring av det kommunaltekniske anlegget

Tiltaket utløyser krav om utbyggingsavtale

Ikkje relevant

Innspel frå kommunen:

Drikkevatt bør vurderast løyst med tilkopling til Sigdestad vassverk. Skulen har forøvrig eigen brunn (borehol). Sløkkjevatt må utgreiast. Næraste tankbil for brannvesenet er i Svelgen. Avhengig av omfang på utbygging vil det vere behov for høgdebasseng, ev i samarbeid med kommunen, då sløkkjevatt ikkje er tilfredsstillande for skule/grendahus. Arild sjekkar kva vassforsyning bustadhuset på gbn 116/6 har.

For avlaup må det etablerast eige, privat avlaupsanlegg (fellesanlegg)

Tilhøvet mellom plan og eigedomsgrenser / kartgrunnlag:

- Tiltaket utløyer krav om ny kartlegging i området
- Tiltaket utløyer krav om klarlegging av eigedomsgrenser
- Kart er av tilstrekkeleg kvalitet
- Eigedomsgrenser er av tilstrekkeleg kvalitet
- Ikkje relevant

Innspel frå kommunen:

Ein bør sjå kva som kjem av innspel etter varsling av planoppstart, då det særleg i strandsona kan vere rettar til tomtar som ikkje er kartlagde.

10 Medverknad

I etterkant av møtet sender kommunen utfyllande informasjon om viktige interessentar i plansaka til forslagsstillar. Døme på viktige interessentar er offentlege instansar, lokale instansar, kommunale instansar, grunneigarar, andre rettslege heimelshavarar, eventuelt naboar og andre.

Innspel frå kommunen:

Det er ønskeleg med folkemøte i innspelsfasen. Møtet bør annonserast med dato/stad, i varselet om planoppstart. Det kan sia vurderast om det trengst folkemøte også ved høyring av planframlegget.

11 Oppstart av planarbeid – tilråding frå kommunen

Kommunen tilrår oppstart av planarbeidet under føresetnadane som er nemnt i notatet. Kommunen har følgjande råd til det vidare planarbeidet:

Kommunen rår til planoppstart. Planområdet er tilrådd utvida for å sikre nok plass til planleggjing av tilkomstveg med sideterreng, veg til Sigdestadneset og Rekevika, inkl. småbåthamn med parkering og snuareal for bil med båthengar.

Kommunen tilrår ikkje oppstart av planarbeidet. Grunngeving frå kommunen:

12 Krav til utkast til plan

Kommunen vil sjekke om utkast til plan er av god nok kvalitet til å ta opp til vidare politisk handsaming. Det er ikkje kommunen si oppgåve å oppgradere eit for dårleg utkast til god nok kvalitet. Om den ikkje stettar krava til kvalitet vil tiltakshavar sin konsulent få attendemelding om å utbetre manglar i utkastet.

Krav til utkast til plan er å finne i kommunen sin kravspesifikasjon (utarbeidd med heimel i forskrift om tidsfristar etter pbl. § 1, del IV)

Etter møtet sender kommunen forslagsstillar utfyllande informasjon om gjeldande kravspesifikasjon *

* Kommunen føreset at planen blir utarbeidd og levert i samsvar med krava i plan- og bygningslova, kart- og planforskrifta og gjeldande standardar for framstilling av arealplanar.

13 Gebyr i plansaker

Forslagsstillar er gjort kjend med kommunale handsamingsgebyr, og med tidspunkt for fakturering. Kommunale handsamingsgebyr skal sendast til:

Gebyrregulativet ligg ved. Vi tek utgangspunkt i lågaste grunngebyr, dvs enkel plansak, kr 36.100,-. Gebyr for planoppstartmøte, kr 7.400,-, blir sendt samstundes med referatet, til SFE ved Arild Bruland. Dersom det skulle vise seg at plansaka krev meir ressursar enn det denne plankategorien tilseier, vil vi fakturere for medgått tid, med kr 1.170,-/t.

I etterkant av møtet sender kommunen forslagsstillar utfyllande informasjon om gjeldande gebyrregulativ og gebyr i plansaker.

14 Stadfesting

Notatet frå førehandskonferansen skal hjelpe fagkunnig plankonsulent til å utarbeide eit planforslag i tråd med kommunen sine forventingar. Verken førehandskonferansen eller notatet gjev rettar ved vidare handsaming av plansaka.

DEL III - VIKTIGE TEMA I PLANEN

Fagetaten sine kommentarar til aktuelle fagtema

Med fokus på tema der fagetaten har konkrete krav eller anbefalingar, er skeptisk eller tema som krev utgreiingar eller avklaringar. Liten skrift i parentes er døme på tema / vurderingar som kan kommenterast nærare i merknadskolonnen. Her kan kommunane også skrive inn kommentarar knytt til tema, t.d. lovkrav eller føresegner / retningslinjer i kommunale planar og vedtekter som skal leggest til grunn

Generelt

Generelle vurderingar (hovudinstrykk av planarbeidet)

Vi viser til motteke planinitiativ med skisser. Kommunen er nøgde med at planarbeidet kjem igong. Det legg til rette for utvikling av Ålfotbygda, og av eit område med særigne landskapskvalitetar.

Føremål (er areal og lokalisering eigna for føremålet?)

Ein vurderer at området er godt eigna til føremålet. Planen må utformast med omtanke og gode føresegner, for å ta vare på landskapskvalitetane.

Planområdet

Generelle vurderingar (framtidig utvikling av området, infrastruktur, grønstruktur, senterområde, områderegulering)

Ein kommenterte skissert, muleg veg frå høgda på Sigdestadneset og ned til småbåthamn. Den vil gje store terrenginngrep, og ein må prøve å finne anna løysing. Veggen oppå neset må ikkje gå for langt fram på neset, men kan ev vidareførast med sti nord til neset. Sti langs strandsona må vurderast nærare ved synfaring. Området for uteaktivitetar på neset, for skule og barnehage og allmenta, må takast vare på. Utbyggjing bør konsentrerast til sørlege del av planområdet, slik at neset blir for friluftslivsføremål.

Alternativ (tilkomst, føremål, bygnadsstruktur, lokalisering)

Sjå overståande under Generelt

Plantema

I dei tre kolonnene under «Aktualitet» har vi sett opp ei stigande gradering frå 1-3 på dei ulike undertema, der 1 betyr «Ikkje aktuelt» 2 «Aktuelt» og 3 «Svært aktuelt».

Bygnad og bygnadsstruktur	Aktualitet *			Merknad
	1	2	3	
				Ikkje utfylt
Bygnad og byform	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Mulig å setje av både bustadtomt og fritidstomt. Fritidstomt bør ha avgrensa storleik. Landskap er viktig å ta omsyn til ved plassering og krav til utforming av bygningar og anlegg
Arkitektur, estetikk og kvalitet (form, struktur, funksjon, uttrykk, tilhøvet til staden, landskapet og strøkskarakteren)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Bygningar og andre tiltak bør underordne seg landskapet, ved utforming, høgder, material- og fargebruk som er eigna i så måte. Jf. også generelle krav i framlegg til ny arealdel til kommuneplanen.
Bygnadsstruktur	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Samle bygnad i hovudsak til sørlege del av området
Utnyttingsgrad og byggehøgder (gjeldande planar, presedens) Om ein ønskjer detaljerte føresegner knytt til takvinkel, storleik, utsjånad, høgde og liknande bør desse ta høgde for framtidige endringar.	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Planen må ha detaljerte føresegner for nye tiltak, også innanfor område med eksisterande bygnad
Fjernverknad (plassering i terreng, terrengformasjonar)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Sjå om bygnad og arkitektur, estetikk m.v., øvst på sida
Lokalklima (vind, sol, terrengdrag)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Sjekke framherskande vindretning og vindforholda elles lokalt
Energiløysingar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Planen må leggje til rette for lading av bilar og ev båtar.

(fjernvarme, passivhus, plusshus, takform, beliggenheit)				
--	--	--	--	--

Grønstruktur og landskap	Aktualitet			Merknad
	1	2	3	
Landbruk (areal i drift, kjerneområde, potensial)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Dei landbruksareala ein tek med i planområdevarslinga, reknar vi med i hovudsak blir regulert til landbruk
Biologisk mangfald (skal kommenterast i alle saker, jf naturmangfaldlova)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Ingen registreringar i Naturbase.
Grønstruktur	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Det er kort veg til friluftsområde i utmark. Felles uteområde, friområde og turstiar planleggjast ut frå landskap og terreng, og gjerne som sløyfer, der det ligg til rette for det
Friluftsliv (dagens bruk, potensial, stiar, grøntkorridor)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Området med gapahuken er viktig, og ligg sentralt på Sigdestadneset. Dette kan innarbeidast i planen, og vere del av samanhengande grønstruktur i området
Landskap (naturlandskap, hovuddrag, fjernverknad)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Dei mest verdfulle landskapselementa, f.eks strandsona og neset, bør settast av til grøntstruktur/friluftsliv i plan
Terrengbehandling og massebalanse	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Trengst tilførsel av massar til utfylling/molo, evt også til trafikkareal. Utbygging krev god terrengtilpassing, slik at inngrepa vert minst mulig.
Uteopphaldsareal (felles, privat, mengde, areal, kvalitet, plassering i feltet)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Mest muleg fellesareal, og mindre på tomtane – med atterhald om krav etter pbl. Ev opne for plattingar, framfor terrenginngrep for opphaldsareal. Ev bustadtomtmar må ha større uteopphaldsareal.

Samferdsle	Aktuelt			Merknad
	1	2	3	
Trafikk (sikkerheit, framkome, vegstandard, tilkomst, stigning, tilgjenge til kollektivtransport)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Tryggleik viktig å planleggje for. Planen bør leggje til rette for utbetring av vegane i området. Det trengst veg til båthamn, med eigna snuplass og parkering
Parkering (behov, kommunal norm, kantparkering, soneparkering, kommunale parkeringskrav)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Vurdere felles parkering for fritidshus. Småbåthamn, antydgar at 0,2 p-plass per båtplass kan vere tilstrekkeleg
Gang- og sykkeltrafikk (skuleveg, snarvegar, tverrsnitt, sykkelparkering)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Snarvegar for born og andre, må vurderast. Det er truleg ikkje grunnlag for å leggje inn fortau i plan, ut frå omfang av utbyggjing, men dette kan det seiast noko om i planen

Born og unge	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Skule og barnehage (tiltakets verknad på kapasitet)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	God kapasitet
Born og unges interesser (barnetråkk, dagens bruk, potensial, erstatningsareal) (NB! skal kommenterast i alle saker)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Område rundt gapahuk er mykje brukt av skulen, med sti frå skuleområdet. Sjekke i terrenget om det er andre stiar i området. Elles er friområda viktige. Området har elles nærleik til skule med høve til leik og idrett

Verneverdige kulturminne	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Kulturminne	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Ikkje registrert automatisk freda kulturminne. Vi reknar med krav om

(enkeltobjekt, bygningar, anlegg, steingard, vegfar, teknisk, industrielt, automatisk freda)			kulturminneundersøking, som vi håpar blir avgrensa til framtidige byggjeareal i planen
Kulturmiljø (der kulturminne inngår i ein større heilskap, bygningsmiljø)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Det er ein gammal husmannsplass i området. Sjå elles etter steingardar el andre nyare tids kulturminne i området, og legg vekt på å ta vare på slike
Kulturlandskap	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Sjå punktet over

Risiko og sårbarheit	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Risiko og sårbarheit (særlege ROS-tema, sjå FK rettleiar for utarbeiding av reguleringsplan)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Sjekkliste for ROS-analyse i planinitiativet. Samordnast med punkta under.
Forureining (luft, grunn, vatn)(gjeldande forskrifter må leggjast til grunn)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Framand art, parkslirekne, er registrert i området. Sjå vedlagt tiltaksanalyse
Støy (sone, type, skjerming)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Vurderast i plan
Geotekniske tilhøve (ras, skred, fundamentering)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Dette blir utgreidd i plan. Aktuelt er mulege marine avsetningar. Krav om avklaring av grunnforhold for tiltak under marin grense.
Flaum (lavtliggande område, elv /bekkefar)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Vurderer til å vere liten fare. Mykje fjell i dagen. Overvasshandtering vurderast i plan
Lokalklima	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Sjekkast nærare korleis lokalklimaet er, og planleggje bygnad ut frå det

Nærmiljø	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Nabotilhøve (sol, utsikt, innsyn)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Vurderast særleg i høve ev bustad- og hyttetomtar innanfor planområdeavgrensinga. Korleis vil plane påverke innsyn, og korleis vil utbyggjinga påverke tomtane visuelt og støymessig
Levekår (storleik på leilegheiter, bukvalitet, minimumsløysingar, avbøtande tiltak)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Omtalast for bustadføremål, som bør ha ulike bustadtypar og storleikar. Eit visst behov også for mindre husvere.
Tilføre nærmiljøet nye / betre kvalitetar (mangelfulle kvalitetar, grønstruktur, gang- og sykkeltilknytning, støyskjerming, trafiksikkerheit)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Tilrettelegging av felles anlegg innanfor grøntstruktur og turstiar for allment friluftsliv
Bygge- og anleggsperioden (støy, trafiksikkerheit, riggområde)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Tungtransport av stein aktuelt. Vurdere korleis tryggleik og støykrav kan sikrast særleg i skuletid/barnehagen si opningstid. Riggområde ev der ein planlegg bubilcamping

Helse	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Universell utforming (Stigning, tilpassa bueiningar)(krava i TEK10 og Norsk standard gjeld)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Viktigast er tilgjenge på bilvegar og sti til uteplassen med gapahuken
Kriminalitetsførebyggande omsyn (potensielle gjerningsstader, lyssetjing, oversiktlege og inkluderande bumiljø,)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Vurdere lyssetjing, og felles utområde med godt innsyn
Folkehelse	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Tilrettelegge for sosiale treffpunkt på felles uteområde, og sikre trafikktrygge

(beskytte mot risikofaktorar og fremme faktorar som verkar positivt på helse og livskvalitet, motverke helseskilnader)			omgivnader. Sjå elles punkta om grøntstruktur og friluftsliv
--	--	--	--

Sjø og vassdrag	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Vassdrag (byggegrense, bekk / elv, nedslagsfelt)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Lite av vassdrag i området. Ev vådrag bør ein prøve å ta vare på i planen, av omsyn til biologisk mangfald og kulturlandskap
Sjø (byggegrense)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Byggegrense mot sjø visast i plan. Strandsone skal vere for allmenta og for fellesanlegg som båthamn
Sjøfront (offentleg tilgang, minimum byggehøgde)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Fokus på området for småbåthamn, og tilkomst og parkering for denne. Landområdet må vere ope for allmenta

Kommunaltekniske anlegg	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Vatn og avløp, overvasshandtering (uttale frå VA-etaten)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Planen skal sendast til kommunen for uttale, og vere komplett før planframlegget vert sendt til 1. gongs handsaming
Renovasjon (teknisk løysing, lokalisering)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Løysing skisserast i planen
Kommunal overtaking tekniske anlegg	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Dersom dette skulle bli aktuelt, må dei valde tekniske løysingane vere i tråd

			med kommunen sine krav. Vi sender VA-norm på førespurnad
--	--	--	--

Reguleringsføresegner	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Rekkefølgekrav (aktuelle, sannsynlege)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Infrastruktur på plass før løyve til nye tiltak med husvere, hytter og bubilcamping
Utbyggingsavtalar (pågåande arbeid)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Ikkje aktuelt per no

Kart	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
			Sjå tidlegare avklaringar for underståande punkt
Kartgrunnlag (koter, eigedomsgrenser, bygnad)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
Eigedomstilhøve (uklare grenser, eigartilhøve, kartforretning) Eventuell naudsynt justering av eigedomsgrenser bør skje i løpet av planprosessen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
Planavgrensing (tilgrensande planar, vegar, vegkryss, ubygde tomter, heile delområde)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	

Prosess	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	

Behov for tiltak utover minstekravet i lova (høyringsinstansar, interessegrupper, infomøte eller annan medverknad)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Folkemøte etter planoppstart. Ikkje ytterlegare med det vi vurderer no
Undervegs møte	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Etter behov. Ta kontakt med kommunen ved behov for informasjon/ avklaringar.
Parallell sakshandsaming (jf. pbl §§ 1-7, 12-15 og 21-4)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Om det skulle vere aktuelt, føreset det at planprosessen er på eit stadium der det er avklara at saka ikkje er konfliktfylt

I notatet er det supplert kommentarar til planarbeidet, ut over det som vart fanga opp i møtet.

Framdrift:

- Arild sjekkar status for kraftlina tvert over Sigdestadneset.
- Nordplan sender revidert planområdeavgrensing, etter vår tilbakemelding 10. april.
- Kommunen sender liste over aktuelle lag og organisasjonar, og nabo- og grunneigarliste.
- Nordplan varslar planarbeidet, etter først å ha oversendt varslinga til gjennomsyn hos kommunen.
- Kartgrunnlag kan kjøpast frå kommunen. Send evt polygon som viser aktuelt område.